


## Innhald

1. Kjenneteikn .....	3
1.1 Historikk .....	3
1.2 Landskap .....	3
1.3 Dagens bruk .....	4
2. Arealstatus for Torpoåsen, Oppheimsåsen og Syningen .....	5
2.1 Bygningsstatus .....	5
2.2 Planstatus .....	6
2.2.1 Gjeldande KPA .....	6
2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar .....	7
2.3 Areal- og tomtereserve .....	9
2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel .....	10
2.5 Oversikt over naturfarar .....	12
2.6 Innsattid brannvesen og ambulanse .....	13
3 Infrastruktur .....	14
3.1 Vatn og avløp .....	14
3.2 Veg og trafikk .....	15
3.3 Straum og renovasjon .....	16
3.3.1 Straum .....	16
3.3.2 Tilknytt renovasjonspunkt .....	16
3.4 Skiløyper og stigar .....	17
3.4.1 Eksisterande stig- og løypenett .....	17
3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg .....	18
3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingssløyper? .....	18
4. Vassmiljø, vatn og vassdrag .....	19
5. Naturverdiar, klima og miljø .....	20
5.1 Naturtypar og naturmangfald .....	20
5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr .....	21
5.3 Inngrepsfrie naturområde .....	22
5.4 Karbonrike areal .....	23
6. Leveområde villrein .....	24
7. Naturressursar .....	25
7.1 Beitebruk og beiteareal .....	25
7.2 Jord- og skogressursar .....	26
8.1 Områdets utfordringar, behov og moglegheiter .....	27
Kjelder .....	28

## Område 4.

# Torpoåsen, Oppheimsåsen og Syningen



## Avgrensing

Avgrensinga er sett med utgangspunkt i eksisterande planar, arealføremål i gjeldande arealdel, innspel frå grovsiling og den omtrentlege grensa mellom skog og snaufjell. Grensa er ikkje absolutt, men fungerer som eit praktisk verktøy for analysen og for å kunne hente mest mogleg korrekt statistikk i ulike tema frå kartprogram.

Grensa går langs åskammen, frå Lya i vest og kommunegrensa i aust.

*Tekst i dokumentet som er blått er innspel frå publikum i folkemøta*

## 1. Kjenneteikn

Området avgrensast grovt sett av elva Lya i vest, og kommunegrensa mot Gol i aust. Spreidd over området finst noko eldre hytte- og stølsbebyggelse. Dei større hyttefelta danna ein streng i øvre del av bjørkebeltet, fra Nystølane i vest, gjennom Oppheimsåsen, Økne og vidare aust til Syningen. Sommarvegar går inn fra Oppheim og Liahagen. Området har eit godt utvikla løypenett, kopla mot løypenettet innover Votndalsåsen og vidare vestover.

### 1.1 Historikk

På 1960 og 1970 talet vart det godkjent fleire disposisjonsplanar, og det er ein del eldre hytter som vart bygd etter desse planane. På 80 og 90 talet kom det fire reguleringsplanar i dei same områda. På 2000 talet er det godkjent 9 reguleringsplanar i dette området.

### 1.2 Landskap

Området er avgrensa av bygda i sør, elva Lya i vest og går til stølsområda Hovdestølen og Gaurhovd i aust. Frå Oppheim og høgda vidare austover, og nord til fjellbjørkeskogen overtar er Torpo - Oppheimsåsen prega av barskogområder, og nokon støls- slåttemarksområder. Frå øvre delen av barskogbeltet og innover pregas området av lett rullande terreng, mykje myr og små kollar.



Figur 1: Øknevatn med utsikt til Nordfjella.

### 1.3 Dagens bruk

Området, spesielt løypenett og fjellområda i nord, er mykje brukt til rekreasjon for både fastbuande og hyttefolk. I skogbeltet sør for hyttefelta har det dei seinare åra vore dreve omfattande skogbruk. Det er aktiv beitebruk i heile området og dei fleste stølsvollar er nytta til slåttemark. I området blir det drive både storvilt og småviltjakt, og fiske utøvast i mange vatn, og i Lya.

Syningen fjellpark har varme senger og tilbyr utleige av hytter og samlingspunkt knytt til bevertning i Langstølen og Heimstølen.



**Figur 2:** Fleirbruksstig som bindar Breisetvegen til Lyavegen ved Steintjerni, nord i Oppheimsåsen.


## 2. Arealstatus for Torpoåsen, Oppheimsåsen og Syningen

### 2.1 Bygningsstatus

Bygningsmassen i Torpo-/oppheimsåsen og Syningen består i hovudsak av fritidsbustader. Fleire eldre hytter bygd med disposisjonsplanar frå 60- og 70-talet. Hyttebygginga har sidan vert jamn, med både gamle og nye hytter.

Objekttype	Tal
Fritidsbustader	581
Bustader	5
Garasje, uthus, anneks til fritidsbolig	437

Datasettet er henta frå felles kartdatabase, og det er gjort utval innanfor avgrensinga.




Figur 3: Kartutsnitt av med alle dei 581 fritidsbustadene som bygningspunkt i Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen. Byggeår er henta frå matrikkelen og basert på bygningsstatus (IG, FA, TB) og kan innehalde feil.

## 2.2 Planstatus

### 2.2.1 Gjeldande KPA

I gjeldande kommuneplan er arealbruken kjenneteikna av fleire areal flekkvis avsett til fritidsbustad, konsentrert rundt Øknin og Syningen, men og i andre område som ved Gaurhovdstølan i nord og Helsethaugen i sør. Alle områda avsett til fritidsbustad i KPA er regulerte. Det ligg òg tre mindre areal avsett til næring knytt til Syningen fjellpark. Utanom dette dominerar arealføremålet LSF - landbruk og spreidde fritidsbustader.

Arealføremål	Storleik
Eksisterande fritidsbustad	Ca. 15 492 daa
LSF (LNF - spreidde bustader)	Ca. 41 825 daa
Næring	Ca. 5 daa




Figur 4: Gjeldande KPA i området.

## 2.2.2 Gjeldande reguleringsplanar

Torpo, Oppheimsåsen og Syningen har for det meste planar frå dei siste 20 åra. Eldste planen er «Nystølsameiga i Ål» frå 1998, og er samstundes den største. Den har vorte delvis erstatta i mindre delar av 4 erstattande planar. Nyaste plan er «Leikvollstølen» og blei vedteken oktober 2025. På Syningen finst den einaste områderegulering på fritidsbustad i kommunen (plan ID: 2009007), og den har fleire større utbyggingsfelt der tomtene eller tal tomter ikkje er oppgjeven (likt fritidsbustadføremål i kommuneplan). Dei nordlege utbyggingsfelta i denne planen har vorte detaljregulert gjennom Detaljregulering Syningen (2015002).

Dei gamle hyttene i området er stort sett bygde ut med disposisjonsplanar, som no er innarbeidde i kommuneplanens arealdel. Oversikt over alle planar går fram av tabellen under.



Figur 5: Kartutsnitt av Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen med dei 13 gjeldande reguleringsplanane.

Plannavn	PlanID	Ikraftsatt	Storleik	Overlapp med planer	
				Erstattar delvis	Delvis erstatta av
Nystølsameiga i Ål	1988004	25.08.1998			2004005, 2004007, 2008005, 2013002
Nystølen på Oppheimsåsen	2004005	29.06.2004		1988004	

Kyllehamarslåtta	2004007	21.09.2004		1988004	
Ringhovdstølen	2006002	15.06.2006			
Barskrind Nordre	2006023	19.02.2009			
Trytetjørni – Høgehaug, Torpoåsen, Detaljregulering, revidering	2010002	15.12.2011			
Detaljplan for Øknemyran	2008005	16.08.2012		1988004	
Syningen-området Torpo områdeplan	2009007	20.12.2012			2015002
Leikvollstølen	2009001	17.10.2013			
Nystølliasameiga F6-10B - Torpoåsen	2013002	27.08.2015		1988004	
Detaljregulering, Bjørnestølen F6-9 - Torpoåsen	2013003	21.04.2016			
Detaljregulering Syningen	2015002	16.02.2017		2009007	
Leikvollstølen_II	2009001	16.10.2025			
<p><b>Disposisjonsplanar:</b> Randane hyttefelt (14.08.1969), Jordet hyttefelt (27.08.1974), Kråkehovda hyttefelt ( ), Gaurhovdstølen sameige (18.08.1967), Vats hyttegrend (04.07.1974), Barskrind søndre hyttefelt (01.09.1975), Fareslettane (16.09.1977)</p>					

## 2.3 Areal- og tomtereserve

### Arealreserve (daa til fritidsbustadbygging)

Arealreserven i området er rekna ut frå areal avsett til fritidsbustader i KPA og i gjeldande reguleringsplanar. Denne reserven er vist med oransje farge i kartet under (figur 6).


For å kome til ein realistisk arealreserve, er areal som ikkje er eigna for utbygging trekt frå, som vist i tabellen til høgre. For reserven i KPA er regulerte område fjerna for unngå dobbel teljing.

### Tomtereserve (tal potensielle hyttetomter)

Tomtereserven i reguleringsplanar er basert på kommunens kartgrunnlag over alle planlagde, men enno ubygde tomter i gjeldande reguleringsplanar. Dette talet er påliteleg, bortsett frå at delar av områderegulering Syningen ikkje har eit definert tal tomter og fell utanfor reknestykket. Ein kan anslå at det er 400-600 ledige tomter til her.

Tomtereserven i kommuneplan er eit grovt estimat. Utrekinga er basert på areal avsett til fritidsbustader, delt på to, med ein føresetnad på to daa. per tomt i gjennomsnitt.

Areal- og tomtereserve	
I kommuneplan	I reguleringsplan
+ Område avsett til fritidsbustad <b>(3968 daa)</b>	+ Område avsett til fritidsbustad og veg <b>(3001 daa)</b>
- Bygning m/ radius 22 m. (1,5 daa.)	
- Køyreveg m/ radius 3 m.	
- Innsjø & elv/bekk m/ radius 10 m.	
- Aktsemdssonar flaum	
- Aktsemdssone jord/flaumskred	
- Stigar/løyper m/ radius 1 m.	
- Myr	
<b>= totalt ca. 1187 daa</b>	<b>= Totalt ca. 1679 daa</b>
Samla arealreserve: <b>2866 daa</b>	
Tomtereserve: <b>594</b> (grovt estimat)	Tomtereserve: <b>459</b> (ekskludert byggefelt B, C, D1, D2, F1, H, og G i områderegulering.)
Estimert samla tomtereserve: <b>1053</b> (ekskludert tomter i byggefelt B, C, D1, D2, F1, H, og G i områderegulering 2009007.)	



Figur 6: Arealreserve i kommuneplan og reguleringsplanar, samt ledige, ubygde tomter i reguleringsplanar.


## 2.4 Innspel til kommuneplanens arealdel

Innspela som har kome inn i samband med rullering av arealdelen er grovsila og har vore til politisk handsaming i sak 34/2024, handsama i møte 18.11.2024, og i sak 3/2026, handsama i møte 12.01.2026. Nærare informasjon om dei enkelte innspela går fram av grovsilingsdokumenta på heimesida til Ål kommune, [Kommuneplanen - Ål kommune](#).

I områda Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen er det kome inn 45 innspel til kommuneplanens arealdel. Mange av innspela gjeld enkelttomter, medan nokre omfattar større utbyggingsfelt. Tabellen til høgre gir ein grov oversikt over innspela, medan kartutsnittet under viser kva for innspel som er tekne vidare til konsekvensutgreiing (KU). 27 av dei 45 innspela gjekk vidare til KU, nokon delvis vidare. Totalt 229 dekar skal vurderast i KU.

Innspel	Storleik (daa)	Tal tomter	Vidare til KU?
FB501	5	1	
FB502	27,5	18	
FB503	4,7	1	delvis
FB504	300	-	
FB505	138	8	
FB506	7,5	-	
FB507	1,6	2	
FB508	4,7	3	
FB509	1,2	1	
FB510	4,5	2	
FB511	10,1	5	
FB512	3,3	2	
FB513	3,3	2	
FB514	9,3	5	
FB515	12,5	5	
FB516	5,3	2	delvis
FB517	2,5	1	
FB518	5,5	5	delvis
FB519	4,3	3	
FB520	2,1	1	
FB521	3	2	
FB522	32,5	9	delvis
FB523	3,5	1	
FB524	13,3	5	
FB525	30	16	
FB526	8,3	5	
FB527	1,4	1	
FB528	1,1	1	
FB529	3,8	2	
FB530	2,6	2	
FB531	1,2	1	
FB532	1,2	1	
FB533	3	2	
FB534	1,3	1	
FB535	1,3	1	
FB536	6	3	
FB537	5,8	3	
FB538	33	12	
FB539	1,5	1	
FB540	1,7	1	
FB541	26	15	
FB542	2,5	2	
FB543	29	11	
FB544	30	-	
FB545	5	1	


**Konklusjon:** 27 innspel på til saman 229 daa. skal vurderast nærare i konsekvensutgreiing.



Figur 7: Kartutsnitt av Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen med dei 27 innspela på til saman 229 daa. stemt vidare til KU.

## 2.5 Oversikt over naturfarar

Det er eit relativt flatt område utan aktsemdssoner for ulike typar skred og ras. Det er mindre område der jord- og flaumskred, samt snøskred og mindre område med steinsprang som utgjer aktsemd, m.m. ved Raudset og Helsingset. Elles er det mest vassførekomstane som utgjer ein risiko for aktsemd knytt til flaum. Heilskapleg vurderast områda som lite utsatt for naturfarar.



Figur 8: Kartutsnitt av Torpo- Oppheimsåsen og Syningen med aktsemdssoner for steinsprang, snøskred utan skogeffekt, flaum, og jord- og flaumskred. Aktsemdsonene brukt er oppdaterte frå 2025.


## 2.6 Innsatstid brannvesen og ambulanse

Nærmaste brannstasjon er ved Oppsjøtippen industriområde.

Tappepunkt for sløkkevatn finst ved Syningstølen.

I rapport «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» frå 2024, utarbeida av SOS Brannconsult AS, er det føreslått etablering av nytt tappepunkt ved Liaberget på veg opp mot Syningen, og i øvste svingen på fylkesvegen i Oppheim.

Omtrentleg avstand og køyretid frå Oppsjø brannsentral					
Helsingset / Nystølan		Raudset / Høgehaug		Syningstølen	
24 min	19 km	22 min	17 km	28 min	20 km



Figur 9: Kartutsnitt med tappepunkt og køyrevog frå brannsentral til ulike delar av Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen.

## 3 Infrastruktur

### 3.1 Vatn og avløp


Tilknytt kommunalt avløp?	Nei. I hovudplan for VA skal kommunen i gang med forprosjekt for kommunal avløpsledning til Syningen i 2040.
Tilknytt kommunalt vatn?	Nei
Eiget eller felles avløpsløyving?	Mange felles, og nokon få egne.
Eiget eller felles vassverk?	Felles avløpsanlegg i planane: «Nystølsameiga i Ål (1988004)» «Nystølsameige f6-10B (2013002)», «Bjørnestølen F6-9 (2013003)», «Ringhovdstølen (2006002)», «Barskrind Nordre (2006023)».  Trytetjørni - Høgehaug, Torpoåsen, (planID2010002) er det fleire felles avløpsanlegg.  Eit stort felles reinseanlegg for halve planområdet i nord: Syningen-området Torpo områdeplan (planID 2009007).
Kapasitet reinseanlegg?	Dekker dagens behov, men har ikkje kapasitet til fleire.
Tal PE innanfor tettstadbebyggelsen (jf. forurensningsforskrifta kap. 11-3 bokstav k)?  <i>Her kan det bli ein ny definisjon av tettbebyggelse, og det leggast derfor ikkje så mykje vekt på dette i analysane.</i>	Området består av fleire tettbebyggelser, men alle er under 2000 PE.  Det er mange planlagde tomter ved Syningen og rundt Øknevatn, i tillegg til at 229 daa. skal vurderast i KU. Dette vi likevel ikkje kome over 2000 PE. MEN: Ved fortetting mellom Nystølsameiga i Ål 1988004 og Nystøllia sameiga f6-10b Torpoåsen 2013002 kan det overstige 2000 PE.
Moglegheit for å kople fleire hytter innanfor eit større område til eit fellesanlegg?	Ja, mogleg å kople til anlegg som ligger spreidd.
Behov for/moglegheit for oppgraderingar/utviding/utbetringar?	Nei, men anleggane har moglegheit for utviding av leidningsnett. I hovudplan for VA skal kommunen i gang med forprosjekt for kommunal avløpsledning til Syningen i 2040.

### 3.2 Veg og trafikk

Hovudtilkomst frå Riksveg 7 frå aust er inn på Torpovegen og vidare opp enten Sirevegen eller Opheimvegen frå sentralt i Torpo.

Frå vest er vanlegaste veg inn på Torpovegen ved pukkverket.

Det er og mogleg å køyre inn i området frå Hemsedal og Gol på sommarstid.



Figur 10: Riksveg 7 påverka i hovudsak ved to punkt i samband med trafikk til hytteområda.



Figur 11: Austlege avkøyring frå Rv. 7 til Torpovegen.

### 3.3 Straum og renovasjon

#### 3.3.1 Straum

Sjå vedlagt skriv frå Føia AS.

#### 3.3.2 Tilknytt renovasjonspunkt

Ja, her er det etablert molokker.

## 3.4 Skiløyper og stigar


### 3.4.1 Eksisterande stig- og løypenett

Det er eit godt etablert skiløypenett som bind saman dei fleste av hytteområda innanfor området. Løypenettet går til Skagahøgdi i Gol, og heng saman med løypene i Votndalen. Det går og ei løype over Versjøen til Hemsedal. Det går ingen skiløyper ned til bustadbebyggelsen i Oppheim eller Torpo. Det er skiløyper både i skogsterreng og på snaufjell, og mange av løypene kan gåast som rundar.

Det er forholdsvis få skilta og merka stigar rundt dei største hytte områda, men det er skilta nokre viktige stigar som koplar saman vegnettet i området. Samtidig er det mange umerka stigar i dette området. [Frå Oppheimsvegen til Leikvollstølen går det ein gamal bufarveg som i dag brukast som umerka turstig, dette er teikna inn i vedlagt kart frå folkemøte.](#)

På snaufjellet nord for områdeavgrensinga (mellom Tjukkekjørr og Breiset) ligg det fleire merka stigar som har høg bruk. I dette området er det og gjort ein del tiltak med klopping og bygging av bru over Vola.

Det er bygd fleire sambindingsstigar for både syklande og gåande i området, ved Øknin, Oppheimåsen hyttefelt og Lystigen mellom Steintjørn og Lyabrua. Desse har stor bruk. Øknestigen er universelt utforma



**Figur 12:** Stig- og løypenett i området. Skilta og merka stigar (raud stipla linje), umerka stigar (svart stipla), skiløyper (blå stipla), og fleirbruksstig for gåande og syklistar (rosa linje).

### 3.4.2 Kryssingspunkt mellom skiløype og veg

I område med mange hytter er det og forholdsvis mange kryssingspunkt mellom skiløyper og vinterbrøyta veg. Nokre av dei ligg i samband med parkeringsplassar og naturlege startpunkt. Lenger inn i fjellet er det mogleg å gå lange rundar utan å krysse brøyta veg.



Figur 13: Skiløypar (blå stipla) med kryssingspunkt mellom veg og skiløype (raud sirkel).

### 3.4.3 Behov for omleggingar / sambindingsløyper?

Administrasjonen kjenner ikkje til slike behov.

## 4. Vassmiljø, vatn og vassdrag

Området omfattar fleire elve- og bekkeførekomstar samt ei innsjø i ei middels til høg klimasone, med varierende økologisk tilstand og ulik grad av dokumentert påverknad.

**Lya midtre bekkefelt** (vann-id 012-1598-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, og påvekstalgar indikerer god tilstand. Det finst likevel ingen prøver for fosfor og nitrogen. Med noko landbruksaktivitet i området blir tåleevna vurdert som usikker ved auka belastning.

**Lya Grytelv** – inntak (vann-id 012-3152-R) har god økologisk tilstand, med éi prøve som viser svært god fosfortilstand. Datagrunnlaget er likevel svakt, og det manglar målingar av nitrogen. Auka tilførsel kan medføre forringing ned mot grenseverdien for god tilstand.

**Vesleåne** (vann-id 012-1593-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, med fosfor i god tilstand og nitrogen i svært god tilstand. Auka tilførsel, særleg av nitrogen, kan likevel gi risiko for forringing.

**Vesleåne bekkefelt** (vann-id 012-1594-R) har påvekstalgar som indikerer svært god tilstand, men manglar data for fosfor og nitrogen. Tåleevna blir vurdert som usikker.

**Lya øvre** (vann-id 012-1599-R) er klassifisert med moderat økologisk tilstand, med fosfor over grenseverdien for god tilstand, medan nitrogen er i svært god tilstand. For denne førekomsten er det behov for reduksjon i fosfortilførsel, og ytterlegare auke blir vurdert som klart problematisk.

**Lya øvre bekkefelt** (vann-id 012-1600-R) er klassifisert med svært god økologisk tilstand, men manglar prøvedata. Førekomsten framstår som lite påverka, men sårbar for ny belastning.

**Vola** (vann-id 012-2232-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, med fosfor i svært god tilstand og nitrogen i god tilstand. Auka tilførsel kan føre til at fosfor går frå svært god til god.

**Vola bekkefelt** (vann-id 012-2234-R) har god økologisk tilstand, med fosfor i god tilstand, men ein betydeleg auke i tilførsel kan medføre redusert tilstand.

**Skaraåsen bekkefelt** (vann-id 012-2419-R) er klassifisert med god økologisk tilstand, med fosfor godt innanfor grenseverdiane, og elles vurdert som lite påverka.

**Sireåne bekkefelt** (vann-id 012-2420-R) er klassifisert med moderat økologisk tilstand, med både fosfor og nitrogen over grenseverdiane for god tilstand. Samstundes indikerer påvekstalgar svært god tilstand. Dette skapar fagleg usikkerheit og peikar mot ein mogleg konflikt mellom biologiske og kjemiske kvalitetselement.

Samla sett viser vurderinga at området rommar både lite påverka og allereie moderat belasta vassførekomstar, med varierende, og i fleire tilfelle avgrensa, toleevne for auka næringstilførsel. Dersom det blir etablert avløpsnett i området og nye hytter blir kopla til dette, blir den direkte påverknaden på nærliggande resipientar vurdert som minimal for alle førekomstane.


Belastning på resipientar nedstraums reinseanlegg er derimot ikkje vurdert i denne samanhengen, og bør inngå som ein del av ei heilskapleg vurdering av samla belastning i nedbørfeltet.

## 5. Naturverdiar, klima og miljø

### 5.1 Naturtypar og naturmangfald

Rikt myrlandskap i nord. Her finst slåttemyr, semi-naturlig myr og naturbeitemark av svært høg verdi. I områda mellom myrane er det i hovudsak boreal hei av stor verdi. Elles lokale parti under skoggrensa lenger sør med ulike skogtyper av svært stor verdi. Oversikt over det viktigaste naturtypane i tabellen til høgre.


Naturtype	Verdi
Gammel granskog med gamle trær	Svært stor
Rik gransumpskog	Svært stor
Semi-naturlig myr	Svært stor
Lågurtfuruskog	Svært stor
Slåttemyr	Svært stor
Naturbeitemark	Svært stor
Gammel fattig sumpskog	Stor
Boreal hei	Stor
Rik gransumpskog	Stor
Gammel furuskog med stående død ved	Stor



Figur 14: Verdsatte naturtypar i området Torpo-, Oppheimsåsen og Syningen. Datasett henta frå «Naturtyper, naturmangfald» i Miljødirektoratet Naturbase.

## 5.2 Samanhengande grønstrukturar og korridorar for vilt og beitedyr


Frå Oppheimsåsen til Syningen er det bygd og regulert tett, som gir avgrensa samanheng i naturareala. Dei markerte korridorane i området er viktige for å sikre trekk og beitevandring, men er sårbare for vidare utbygging. Sør for hyttefelta i desse områdene er det et rimeleg velfungerande skogbelte øst-vest, frå grensa mot Gol og vidare til Lya. I fleire av dei sentrale trekkrutene ligg det regulerte, men ubygde tomter, særleg ved Syningen, som utgjer ein vesentleg risiko for ytterlegere fragmentering. Tilsvarande utfordringar gjeld i nord-sør retninga mellom Oppheim og inn til Nystølane i nordvest.



Figur 15: Registrerte elgtråkk og viktige viltkorridorar i området.

### 5.3 Inngrepsfrie naturområde


Myrlandskapet i Fetjan nord for Øknevatn, samt i nord-vest for Nystølan finst område som kategoriserast som inngrepsfritt sone 2. Elles er det kan ikkje området reknast som inngrepsfrie naturområde i følgje Miljødirektoratets kartlag.




Figur 16: Inngrepsfrie naturområde. Datasett «inngrepsfrie naturområder» er henta frå Miljødirektoratets naturbase.

## 5.4 Karbonrike areal

Eksisterende bebyggelse ligg omkring myrområde, som utgjer i hovudsak dei mest karbonrike areala her (figur 18). Medan fastmarkene som ligg innntil myrane inneheld vesentleg lavare karbon og gir mindre utslepp ved nedbygging.




**Figur 17:** Karbonopptak i Torpo-/Oppheimsåsen og Syningen. Det varierar mellom nøytrale til lave opptak i fjellet, og lavt – midels i underkant av åsen. Kartdata frå Miljødirektoratet.



**Figur 18:** Utslepp ved nedbygging. Areal med midels store utslipp ved nedbygging dominerar, men det er og fleire areal nær eksisterande bebyggelse som vil gi store eller svært store utslipp.

## 6. Leveområde villrein

Delar av området ligg innanfor randsonene villrein. Villreinområdet er vist med raud farge i kartet, medan yttergrensa for randsona er markert med lilla strek. Randsona er og å forstå som villreinens leveområde. Villreinssona er juridisk bindande og vedteken som del av gjeldande arealdel, og er basert på «Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025)», som erstatta KDP for villrein i Nordfjella frå 1998.




Figur 19: Villreinområde (raudt) og randsonene (lilla linje). Kartgrunnlag henta frå Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025).

## 7. Naturressursar

### 7.1 Beitebruk og beiteareal

Heile området blir brukt til beite. Sannsynlegvis har dei fleste gardane i Oppheim og på Torpo beiterett i åsen, men det er ikkje alle som nyttar retten sin i dag. Det er mest sau som beitar i området, men det er òg buskapar med ammedyr og ungdyr. Mange av desse er utstyrt med Nofence. Beitekartlegginga i 2022 (NIBIO) som gjeld for både små- og storfe, syner at det er store flater med godt og svært godt beite innanfor området, men det er mindre gode beiter lengst sør.




Figur 20: Beitekvalitet for sau (venstre) og storfe (høgre). Henta frå datasettserien «Vegetasjon» av NIBIO.

## 7.2 Jord- og skogressursar

Det er mykje dyrkamark på Torpo- og Oppheimsåsen. Enkelte bruk har til og med hovudtyngda av slåttemarka si på åsen og i fjellet.

Bortsett frå i den søraustre delen av området er det òg registrert store flater med *dyrkbart* jord. I stort fell det som er dyrkbart saman med det som i beitekartlegging blir kategorisert som 'godt' og 'svært godt' beite.

Dyrkbart jord har lovmessig vern etter jordlova, og areala kan vere underlagde restriksjonar mot nydyrking i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, til dømes forbod mot nydyrking av myr. Det inneber at ikkje alle registrerte areal er aktuelle for oppdyrking.



**Figur 21:** Dyrkbart jord (markert i raudt) i Torpo- Oppheimsåsen og Syningen. Kartlag henta «Dyrkbart jord» av NIBIO.

## 8.1 Områdets utfordringar, behov og moglegheiter

Tabellen under oppsummerer utfordringar, behov og moglegheiter knytt til dei tema som er aktuelle i denne analysen for området Torpo- og Oppheimsåsen samt Syningen.

	Utfordringar	Behov og moglegheiter
<b>Planstatus</b>	Det er svært mange planlagde, ubygdde tomter i reguleringsplan, særleg i reguleringsplan Bjørnstølen og Syningen. I områderegulering Syningen (planID 2009007) finst ikkje eksakte tal på planlagde tomter innanfor byggeområda. I tillegg er det store areal avsett til fritidsbustad i KPA.	I tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, vil avsette område til framtidig fritidsbebyggelse i gjeldande kommuneplan, samt reguleringsplanar eldre enn 10 år, bli vurdert. Mellom anna i forhold til kommunens overordna arealføringar, regionale og statlege føringar og dagens lovverk.
<b>Vassmiljø</b>	I områda rundt Øknevatnet: Vesleåne 10,6 ug i dag. Over 500 hytter vil gi ein auke på ca. 40% total fosfor, som kan forringe miljømålet i vassførekosten.	Området Veslåne bekkefelt har i dag sannsynlegvis ingen restkapasitet. Regulerte og godkjente tomter har gjort beslag på kapasiteten. For vidare utbygging må ein finne ein løysing for avløpssituasjonen for å unngå forureining.  Ved Syningen er det større felt avsett i områderegulering som ikkje er detaljregulert, men desse vil knyttast til felles reinseanlegg.
<b>VA</b>	Dekker dagens behov, men har ikkje kapasitet til fleire.  Framtidig utbygging bør unngåast mellom Nystølsameiga i Ål 1988004 og Nystøllia sameiga f6-10b Torpoåsen 2013002, då det kan bli over 2000 PE og kome under definisjonen på «tettstadbebyggelse» og utløyse reinsekrah (kap 14), men det er ikkje planlagd fortetting/utviding her no.	I hovudplan for VA skal kommunen i gang med forprosjekt for kommunal avløpsledning i Torpo- Oppheimsåsen i 2040.
<b>Grønstrukturar, vilt og beite</b>	Regulerte, ubygdde tomter ligg i sentrale trekkruer, særleg ved Syningen. Tett utbygging frå Opheimsåsen til Syningen gir lite samanhengande naturareal. Skogbeltet sør for hyttefeltet er ein viktig korridor.  Det er store flater med gode og til dels svært gode beiteområde i området.	Ein må sjå på desse motstridande omsyna, jf. kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024.
<b>Dyrkbar jord og dyrka mark</b>	Svært mykje dyrkbar jord i heile åsen, også i regulerte hyttefelt.	Verne jordressursane i området, i tråd med jordvernstrategien.
<b>Naturmangfald</b>	Heile området er rikt på verdifulle naturtypar. Nokon regulerte tomter ligg i verdifulle naturtypar.	Unngå nedbygging av verdifull natur.
<b>Inngrepsfri natur</b>	Eit avgrensa område med inngrepsfri natur (sone 2) ved Fetjan.	Unngå tekniske inngrep 1-3 km frå dette inngrepsfrie området. Det er i dag ikkje lagd opp til utbygging som vil innskrenke denne sona.

<b>Stigar og skiløyper</b>	I område med mange hytter er det og forholdsvis mange kryssingspunkt mellom skiløyper og vinterbrøyta veg. Det vil med høgst sannsyn bli fleire kryssingspunkt ved regulerte felt på Syningen og ved Veslestølan.	Ein må unngå fleire kryssingspunkt i framtidig utbygging.
<b>Villrein</b>	Leveområde er tett på nordlege bebyggelsen ved Nystølan.	Unngå utbygging i villreinområda.

### Områdets toleevne

Når det kjem til vassmiljø har Veslåne bekkefelt i dag sannsynlegvis ingen restkapasitet på total fosfor. Regulerte og godkjente tomter har gjort beslag på kapasiteten. For vidare utbygging må ein derfor finne ei løysing for avløpssituasjonen for å ikkje forringe vassførekomsten. Vidare bør ein unngå framtidig utbygging mellom Nystølsameiga i Ål 1988004 og Nystøllia sameiga f6-10b Torpoåsen 2013002, då det kan bli over 2000 PE og kome under definisjonen på «tettstadbebyggelse» og utløyse reinsekra (kap 14). Det er i dag ikkje lagd opp til fortetting/utviding mellom desse områda.

*Pga endring av definisjon på tettstad, vil ikkje analysen av VA bli like førande for framtidig utbygging. Vi føreheld oss til lovverket. Det kan kome endringar som gjer at VA må vurderast på nytt. VA vil bli vurdert i KU for innspela som har gått vidare frå grovsiling.*

Store delar av området er prega av mykje dyrkbar jord, verdifulle naturtypar og gode beiter. Det er òg hovudtrekkruiter ved Syningen som kjem i konflikt med vidare utbygging. Ein må vurdere desse motstridande omsyna i tråd med kommunestyret sitt vedtak om planrevisjon (planvask) i sak 53/2024 i møtet 20.06.2024, då både regulerte og område avsett til fritidsbustad i KPA kjem i konflikt med desse omsyna.

## Kjelder

**Kartdata er i hovudsak henta frå GeoNorge og kommunens plandatabasar.**

- Felles kartdatabase (FKB) og Matrikkelen – Benytta i fleire tema
- AR5 (Arealressurskart) og DMK (Digitalt markslagskart)
- Temakart:
  - «Naturtyper, naturmangfold» frå Miljødirektoratet – Tema: *Naturtyper og naturmangfald*
  - «Inngrepsfri natur i Norge» frå Miljødirektoratet – Tema: *Inngrepsfrie naturområde*
  - «Vegetasjon» frå NIBIO – Tema: *Beitebruk og beiteareal*
  - «Karbonrike areal» frå NIBIO – Tema: *Karbonrike areal*
  - «Aktsomhetskart» (2025) frå NVE – Tema: *Naturfarar*
  - «Dyrkbar jord» (2025) frå NIBIO – Tema: *Dyrka og dyrkbar jord*
- Føie AS v/ planavdelinga – Tema: *Straum*
- Vann-nett.no – Tema: *Vassmiljø*
- Regionalplan for Nordfjella og Raudafjell (2014-2025) (erstatta KDP for villrein i Nordfjella) – Tema: *Leveområde villrein*
- Rapport: «Slokkevann i områder uten kommunalt vannledningsnett» (18.03.2024) – Tema: *Innsatstid utrykkingskøyretøy*
- Renovasjonspunkt, Hallingdal renovasjon: [Finn ut hvor du leverer avfall - Sortere](#) Tema: *Tilknytt renovasjonspunkt*
- “Sangefjell-området historie” av Einar A. Eriksen – Tema: *Historikk*

# Uttalelsene i sak «Straumnett i Ål kommune – grunnlag for kommuneplanens arealdel for fritidsbebyggelse»

Det vises til anmodning om uttalelse i sak 'Straumnett i Ål kommune til bruk i kommuneplanens arealdel for hytter', datert 12.02.2026.

Føie har etter energiloven områdekonsesjon i Ål kommune. Dette innebærer at vi etablerer og drifter strømnettet i kommunen (høyspent og lavspent fordelingsnett).

Per dags dato foreligger det enkelte kapasitetsutfordringer i forespurt området.

## Generelt:

- Det etableres som hovedregel ikke ny forsyningskapasitet før eksisterende kapasitet er fullt utnyttet.
- Utbyggere kan pålegges å betale anleggsbidrag i henhold til gjeldende forskrifter og regelverk.
- Flere områder i kommunen står overfor et forventet økt effekt- og energibehov, og tidspunkt for investeringer må vurderes grundig for å sikre samfunnsøkonomisk riktige løsninger.
- Ved innmeldt konkret kapasitetsbehov vil nettselskapet utarbeide interne analyser for å vurderinger basert på modenhet for investeringer. Disse interne analysene inngår ikke i uttalelser eller formelle svar til kommunen.

## 1. Felles for elektriske anlegg

### 1.1 Adkomst og terrengendringer

Det må ikke iverksettes tiltak som medfører forringelse av adkomst til våre anlegg. Det må heller ikke gjøres inngripen i terrenget som medfører endring av overdekningen over kabler eller oppfylling av terrenget som medfører redusert høyde opp til luftledningsanlegg.

### 1.2 Grunneieravtale for bygging, drift og vedlikehold av nettet

Nye elektriske anlegg som etableres innenfor det aktuelle planområdet skal avtales gjennom en tinglysbar grunneieravtale. Avtalen skal sikre Nettselskapet en rettighet til å etablere, føre frem, ha liggende og opprettholde et elektrisk anlegg over eller på Eiendommen, med en tidsavgrenset og varig karakter.

Rettigheten omfatter adgang til å etablere nye elektriske anlegg, samt gjennomføre fremtidige utskiftninger, fornyelser, oppgraderinger, ombygginger, inspeksjoner, vedlikeholds- og reparasjonsarbeider, herunder nødvendige grave- og sprengningsarbeider som står i direkte tilknytning til anlegget.

Nettselskapet gis i tillegg rett til nødvendig og hensiktsmessig adkomst over Eiendommen for

utførelse av ovennevnte tiltak.

### 1.3 Støy fra transformatorstasjon

Vi gjør også oppmerksom på at det finnes eksisterende transformatorstasjoner og nettstasjoner i planområdet. Eventuelle ulemper og avbøtende tiltak for planlagt bebyggelse i denne forbindelse er ikke vårt ansvar. Utbygger må ta hensyn til støy fra transformatorstasjoner og nettstasjoner ved utforming av ny bebyggelse.

### 1.4 Inntegning på plankart og tildelte kartskisser

I tilfeller hvor det deles ut kartskisser med inntegnede elektriske anlegg, gjelder følgende forutsetninger:

Nettselskapet har eksisterende elektriske anlegg innenfor det aktuelle planområdet, slik det fremgår av vedlagte kart. Kartmaterialet stilles til disposisjon utelukkende for det formål å besvare forespurt planarbeid, og kan kun benyttes innenfor følgende rammer:

- Brukes kun som underlag for forespurt planarbeid
- Bør slettes etter bruk - husk at nettet endrer seg kontinuerlig
- Må ikke oversendes andre uten netteiers samtykke
- Må ikke anses som kabelpåvisning. Forespørsel om kabelpåvisning rettes til Føie AS

Vi gjør oppmerksom på at spenningsnivået for ledningsanleggene *ikke* må påføres i planen, herunder plankartet. Kraftledninger skal på kart ha en enhetlig utforming, uavhengig av spenningsnivå og eventuelle fysiske forskjeller. Parallelle ledninger som går i samme trasé, skal tegnes som én ledning. Høyspenningskabler under bakken tegnes ikke inn på kartet. Vi viser i denne sammenheng til Forskrift om beredskap i kraftforsyningen § 6-2, og NVEs *Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen*, pkt 6.2.5.

Arealer og eiendommer som brukes til, eller i fremtiden skal brukes til transformatorstasjoner evt nettstasjoner avsettes i planen til arealformål bebyggelse og anlegg, underformål «Andre typer bebyggelse og anlegg», energianlegg kode 1500, jf vedlegg I til kart- og planforskriften.

### 1.5 Andre forhold

I god tid før utbygging må det avklares hvordan nye bygninger i planområdet skal forsynes med elektrisk strøm. Det må avklares i hvilken grad eksisterende ledninger/kabler eventuelt kan benyttes, om nye ledninger/kabler må legges og om det er behov for ny(e) nettstasjon(er).

Den eller de som utløser tiltak i strømforsyningsnettet, både flytting, nyanlegg og forsterkning, må som hovedregel dekke kostnadene med tiltaket, inkludert eventuelle kostnader til erverv av nye rettigheter. Nye traséer må gis rettigheter med minst like gode vilkår som det vi har til de eksisterende traséene. Normalt er dette stedsevarige (evigvarende) bruksrettigheter.

Dersom planen forutsetter at eksisterende høyspenningsanlegg må flyttes eller legges om, må det settes av plass til ny trasé og/eller nettstasjon(er).

Dersom det er aktuelt med alternativ energiforsyning til området, f.eks. fjernbåren varme, ønsker vi at dette avklares så tidlig som mulig da dette påvirker behovet for elektrisk strøm.

Ved bygging i nærheten av luftledninger, gjøres det oppmerksom på at det ikke nødvendigvis er samsvar mellom hvilken avstand som er nødvendig for å komme under anbefalt utredningsgrense for magnetfelt og gjeldende byggeforbudsbelte.

## **2. Anlegg etablert etter anleggskonsesjon (normalt regionalnett) *ikke aktuelt i denne saken***

### **2.1 Eksisterende høyspenningsanlegg**

Vi vil gjøre oppmerksom på at planområdet krysses av høyspenningsanlegg som er bygget etter anleggskonsesjon gitt av Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Kraftledninger og kabelanlegg bygget etter anleggskonsesjon er i hovedsak unntatt fra Plan- og bygningsloven, og for disse kan det derfor ikke vedtas planbestemmelser eller vilkår som del av reguleringsplan for andre tema.

Utgangspunktet er derfor at kraftledninger ikke skal inntegnes som et arealformål i en reguleringsplan, men bør innarbeides som *hensynssone (faresone)*. Byggeforbudsbeltet langs den aktuelle kraftledningen er totalt \_\_\_\_ meter, \_\_\_\_ meter målt horisontalt til hver side fra senter av ledningen.

For kabelanlegg kan det normalt iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som \_\_\_\_ meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

### **2.2 For anlegg etablert etter anleggskonsesjon gjelder følgende**

Planlagt ny bebyggelse eller andre tiltak som kommer i konflikt med elektriske anlegg må tas hensyn til i det videre planarbeidet. Vi må oppstille en del vilkår for at eventuelle omlegginger av nevnte <elektriske anlegg> skal kunne gjennomføres (se også pkt 1.4):

- Eventuelle nye kabler eller luftledninger som skal erstatte eksisterende anlegg, må minimum ha overføringskapasitet som tilsvarer den kapasiteten anlegget har i dag.
- Eventuelle ønsker om omlegging av eksisterende anlegg må meldes inn til oss i god tid før omleggingen ønskes utført. Omlegging kan være en tidkrevende prosess, og bør tas hensyn til ved utarbeidelse av eventuelle bestemmelser om særskilt rekkefølge for gjennomføring av de enkelte tiltakene i planen.
- Dersom tiltak skal gjøres på den aktuelle luftledning eller kabelanlegg, må det påregnes at det kan bli nødvendig å stille krav om tider på året som utkobling må være avgrenset til og hvor lenge anlegget kan være utkoblet. Dette begrunnes med behovet for kontinuerlig forsyning av strøm til kundene, jfr. også leveringsplikten i energiloven § 3-3.

- Omlegging av anlegg med spenning høyere enn 24 kV fordrer at vi søker NVE om endringer i de respektive anleggskonsesjonene for anleggene. Endring i anleggskonsesjon forutsetter blant annet at det finnes ekstern evne og vilje til full kostnadsdekning, slik at nettkundene ikke belastes omleggingen. Dette betyr at vi vil kreve full kostnadsdekning for omlegging. Utfallet av en konsesjonsbehandling kan ikke forskutteres.

### 2.3 Dersom nytt høyspenningsanlegg er planlagt i området

Ny <angi> kV høyspent <luftledning/ kabel/transformatorstasjon> er under planlegging og vil komme til å krysse området som vist på vedlagt kart. Det er søkt Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) om anleggskonsesjon (jfr. energiloven § 3-1) for etablering av anlegget. Vi ber om at den planlagte <traséen/arealet> innarbeides i planen. Det er også søkt om ekspropriasjon for etablering av anlegget, hvilket gjør at arealet i realiteten er båndlagt for formålet, jfr. areinnslova § 28.

## 3. Anlegg etablert etter områdekonsesjon (normalt distribusjonsnett)

Anlegg under 24 kV inngår i distribusjonsnettet for elektrisk energi og er bygget i medhold av områdekonsesjon. Omlegging av disse anleggene fordrer ikke søknad om endring av konsesjon, men en del hensyn må likevel ivaretas.

### 3.1 Eksisterende høyspennings luftledning

Det må tas hensyn til høyspenningsluftledninger som ligger innenfor planområdet. Ledningene har et byggeforbudsbelte på totalt 15 meter, 7,5 meter målt horisontalt ut til hver side fra senter. Vi ber om at traseen med byggeforbudsbeltet registreres i planen som arealformål trasé for nærmere angitt teknisk infrastruktur, jfr. Plan- og bygningsloven § 12-5 nr 2 eller som en hensynssone (faresone).

### 3.2 Eksisterende høyspenningskabler

Høyspenningskablene som ligger innenfor planområdet, må tas hensyn til. Normalt kan det iverksettes tiltak (inkludert planting av trær) så nært inntil kabelgrøften som 2 meter målt horisontalt fra kabelgrøftens ytterkant. Det er imidlertid viktig at fremtidig tilkomst til kabelgrøftene ikke hindres. Det må bestilles kabelpåvisning for å få en nøyaktig kartfesting av kabelens plassering i terrenget.

### 3.3 Behov for ny nettstasjon – samt forhold til eksisterende frittliggende nettstasjon

For å sikre strøm til ny bebyggelse, må det settes av plass til å etablere en eller flere nye nettstasjoner i området. Nettstasjonen(e) bør av hensyn til effektuttaket plasseres omtrent som skissert på vedlagte kart. Kontakt vedrørende dette temaet rettes til Føie AS.

En nettstasjon ønskes plassert minimum tre meter fra veikant og utenfor veiens frisisoner. Størrelsen på nettstasjonen kan være opptil 15 m<sup>2</sup>.

Nettstasjoner kan også etableres i egne rom i bygg. Det stilles i slike tilfeller særskilte krav til utforming av rommet, samt til adkomst og ventilasjon m.v.

Det må tas hensyn til eksisterende nettstasjoner innenfor planområdet. For både nye og eksisterende nettstasjoner gjelder at disse må stå minst 5 meter fra bygning med brennbare overflater. Avstanden gjelder også til terrasser og lignende brennbare utstikk som er direkte knyttet til bygget.

Vi ser at det ofte dessverre ikke blir tatt hensyn til disse avstandskravene når nye bygninger planlegges og oppføres. Dette skaper problemer både for grunneiere og for nettselskapet. Det er derfor viktig å synliggjøre byggegrenser mot nettstasjoner i reguleringsbestemmelsene.

Følgende må spesifikt ivaretas i plan med bestemmelser:

- Der nettselskapet har angitt behov for plassering av ny nettstasjon, må det reguleres et areal til slikt formål
- Nettstasjoner tillates oppført i forbindelse med strøm til stedbunden næring i LNFR-område samt i areal regulert til utbyggingsformål
- Nettstasjoner tillates oppført også utenfor regulerte byggegrenser og kommer i tillegg til tillatt utnyttelsesgrad.
- Nettstasjoner tillates oppført inntil 1 m fra eiendomsgrense og at det generelt er 5 m byggegrense rundt nettstasjoner.

### 3.4 (Aktuelt når konkret plan foreligger) Hvis behov for særskilt trasé for strømfremføring (f eks når veigrunn ikke kan benyttes):

For strømforsyning av ny bebyggelse vil det være nødvendig å etablere ny høyspenningsforsyning inn i området. Med hensyn til hva som vil være beste tilkoblingspunkt i eksisterende nett, ser vi at det vil være nødvendig å anlegge en trasé fra <angi> og inn mot anmerket område hvor det er aktuelt å plassere en ny nettstasjon. Se vedlagt kartskisse. Vi ber derfor om at det i planen etableres trase for anlegg som beskrevet. Dersom det ikke er aktuelt å anlegge vei i samme korridor, kan kabelgrøft gjerne kombineres med gangsti eller friområde. Det viktige er at det ikke planlegges bebyggelse over kabelgrøften. Normalt byggeforbud langs kabelgrøfter er <avstand> meter målt horisontalt fra <kabelgrøftens ytterkant/midt kabelgrøft>.

## 4. Andre forhold

Vi ønsker å bli kontaktet i god tid før utbygging, slik at vi kan planlegge nye anlegg og angi hvor vi ønsker at utbyggere skal grave kabelgrøfter inn til bygninger. Før selve arbeidet i utbyggingsområdet starter opp, ønsker vi også å avklare fremdriftsplan med utbygger.

Det er også viktig at nye utbyggingsområder/teknisk infrastruktur planlegges slik at spesielt våre høyspenningsledninger ikke må flyttes. Når kabler flyttes, må disse kappes og skjøtes. Basert på en samfunnsøkonomisk vurdering bør slike skjøter reduseres til et minimum, da disse erfaringsmessig kan medføre større risiko for feilsituasjoner i nettet og en mer ustabil strømleveranse.

Vennligst ta kontakt dersom det skulle være spørsmål eller uklarheter når det gjelder tilpasning av våre anlegg i den nye reguleringsplanen Føie AS